



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		

E134 Vinjeflaten - kostnadsfordeling av arkeologisk utgraving og grunnverv

Vedlegg

- 1 Notat - kostnader arkeologisk utgraving og grunnverv_24.10.25

Dokument i saka

Planid 20230005

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i vår reguleringsplanalternativ 2 for G/S-veg langs Vinjeflaten. Føremålet med denne saka er å lande ei kostnadsfordeling mellom Statens vegvesen (SVV) og kommunen for grunnverv og arkeologisk utgraving.

SVV og kommunen hadde 8. oktober eit saksførebuande møte og drøfta moglegheiter for å redusere kostnadane gjennom å utnytte lokale løysingar for nokre av utgiftspostane. Notatet frå SVV er resultatet av denne gjennomgangen. Dei ber samstundes om ein 50/50-fordeling av utgiftene neste år.

For å komme tidsnok inn i kø for utgraving neste år, må ein raskast råd avklare at også kommunen ønskjer ein gjennomføring av dette arbeidet i 2026.

Vurdering

Kommunedirektøren har ikkje merknad til kostnadsfordelinga, og støttar at utgraving blir gjennomført i 2026 . Kommunen kan avvente grunnverv og gjennomføring av tiltaket, og kan kome attende til dette ved eit seinare høve.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Kommunedirektøren innarbeider kr 1 750 000,- til arkeologisk utgraving i budsjettet for 2026.